


Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200504925-6/560/RHHA

Dykkar ref.:

Bergen, 12. desember 2006


Høyring - Framlegg til endringar i gjeldande forskrift om opptak til universitet og høgskular

Hordaland fylkeskommune handsama høyring – ”Framlegg til endring i gjeldande forskrift om opptak til universitet og høgskular” i fylkesutvalet 06.12.06.

Fylkesutvalet fatta slikt vedtak:

Utvalet stør framlegget til endringar i gjeldande forskrift om opptak til universitet og høgskular.


Inger Øvsthus Tønder


Roy Håll Hansen

Vedlegg: Fylkesutvalssak 325/06 - framlegg til endringar i gjeldande forskrift om opptak til universitetar og høgskular.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Arkivsak 200504925-3
Arkivnr. 560
Saksh. Hansen, Hall Rolf

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	29.11.2006
Fylkesutvalet	06.12.2006

HØRING: FORSLAG TIL ENDRING I GJELDENE FORSKRIFT OM OPPTAK TIL UNIVERSITETER OG HØYSKOLER

SAMANDRAG

Fylkesrådmannen har gått gjennom saka og stør dei endringane som departementet kjem med. Ut over dette har rådmannen ingen kommentarar til saka.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Utvalet stør framlegget til endringar i gjeldande forskrift om opptak til universitet og høgskular.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg:

FYLKESRÅDMANNEN, 20.11.2006:

Frå Kunnskapsdepartementet har fylkesrådmannen motteke til høyring "Framlegg til endringar i gjeldande forskrift om opptak til universitetar og høgskular."

Endringsframlegget har vorte aktuelt etter at fleire høgskular har drive forsøk med opptak til ingeniørutdanning på grunnlag av relevante fagbrev.

Departementet sitt framlegg til endring av gjeldande forskrift lyder:

"Institusjoner kan ta opp søkere som ikke oppfyller kravene til generell studiekompetanse til spesielt tilrettlagt ingeniørutdanning, jf §2-1 første ledd, og §4-1 bokstav d), nr. 4. Det forutsettes at søkerne har relevant fagbrev."

Saka har vore på høyring blant berørte instanser innan fagopplæring i Hordaland. Det er ingen av dei høyrde partane som ikkje er samde i framlegget.